



ntp.sekretariat@vegvesen.no

Høyringsuttale: Handlingsprogram 2018 – 2029 Nasjonal Transportplan (NTP)

Forslag til handlingsprogram 2018 – 2023 - Nasjonal transportplan:

Det overordna målet for transportpolitikken er å utvikla: «eit transportsystem som er sikkert fremjer verdiskaping og bidrar til omstilling til lavutsleppssamfunnet».

Vidare er det fastsett tre hovudmål for framkome, transporttryggleik og klima og miljø:

- Betra framkome for personar og gods i heile landet
- Redusera transportulukkene i tråd med nullvisjonen
- Redusera klimagassutsleppa i tråd med ei omstilling mot eit lavutsleppssamfunn og redusera andre negative miljøkonsekvenser.

Rassikring

Rv 13 går gjennom fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane og er den viktigaste nord-sør stamvegen for dei indre regionane i fylka. På denne viktige stamvegen er det store utfordringar innanfor rassikring, trafikktryggleik, vintersikker veg. Seinast 23. november fekk vi eit skremmande døme på rasfaren langs denne vegen då 2 bilar køyrde inn i eit steinras ved Lausasteintunnelen like sør for Odda. Til alt hell vart det ikkje alvorlege personskader i denne hendinga. Det var likevel ei påminning om at denne vegen har mange påviste raspunkt som enno ikkje er sikra.

Handlingsprogrammet som er lagt ut til høyring har ikkje avsette midlar til rassikring utover tiltak ferdigstilling av oppstarta tiltak i Deildo, prosjektet Lovraeidet – Rødsliane og Melkeråna – Årdal. Dei to siste prosjekta er planlagt med oppstart i siste del av NTP-perioden 2024 – 2029. Dette er ikkje akseptabelt.

Fjordvegen Rute 13 ber om at rassikring vert prioritert og at naudsynte tiltak i Brattlandsdalen og Lovradalen – Lovraeid vert igangsett i første del av perioden.

Vintersikker veg

Rv 13 er hovudveg nord-sør for svært mange kommunar og lokalsamfunn. Omkøyringsveggar er ofte svært lange og utgjer så stor auke i reisetid og kostnad at dei i praksis ikkje kan omtalast som alternativ for Rv 13. T.d. er det svært store

konsekvensar for trafikkantane kvar gong vegen over Vikafjellet vert stengt grunna uvær, snøras eller fare for ras.

Det er derfor svært viktig at planarbeidet for Vikafjellstunnelen vert prioritert og det vert avsett midlar slik at denne kan koma i gang i første del av perioden.

Vegstandard

Dei trafikale problema ein har fått ved auka turisttrafikk har særleg vist seg på strekninga Kinsarvik – Bu der det har vore naudsynt å lysregulera trafikken ved Kyrkjeneset for å unngå fullstendig trafikk-kork. Situasjonen sist sommarsesong viste med all tydelegheit at det no er høgst påkrevd med utbetringstiltak på denne strekninga. Tiltak må finasierast for oppstart i første del av perioden 2018 – 2023.


Gang- og sykkelveg

Det er sett av svært lite midlar til gang- og sykkelveg. Denne summen bør aukast og gang- og sykkelveg frå Solbakk til Jørpeland i Strand kommune må prioriterast.

Kinsarvik, 20. desember 2017

For Fjordvegen Rute 13

Gerd Helen Bø/s
styreleiar



Jostein Eitrheim
dagleg leiar